

SAMARBEIDSAVTALE OM LANDBRUKSTENESTER

- 1) Avtalen gjeld for kommunane Os, Fusa og Samnanger.
- 2) Landbrukskontoret skal ta hand om alle kommunale tenester innan jord- skog og utmark, samt miljøsaker knytt til desse fagområda.
- 3) Landbrukskontoret er organisert som ei eining med eige budsjett i Fusa kommune. Landbrukssjefen har ansvar for budsjett og dagleg leiing og rapporterer til administrasjonssjefen i Fusa. Det vert utarbeidd eige delegasjonsreglement for det interkommunale landbrukskontoret.
- 4) Fusa kommune er vertskommune med arbeidsgjevaransvar for alle tilsette ved landbrukskontoret, samla 3.5 stillingsheimlar. Tilsette i Os, 1/1 stilling, og Samnanger, 1/2 stilling vert overført til Fusa kommune. Fusa kommune har tilsett 1/1 landbrukssjef. I tillegg vert det lyst ut 1/1 stilling.
- 5) Kontorstad er kommunetunet i Eikelandsosen, men det skal stillast kontor til disposisjon for kontordagar i Os og Samnanger.
- 6) Fusa kommune har ansvar for administrative oppgåver knytt til det interkommunale landbrukskontoret.
- 7) Administrasjonssjefane i kommunane skal vere brukarutval og styringsgruppe.
- 8) Felleskostnader vert fordelt etter følgjande fordelingsnøkkel:


Fusa kommune:	43,0 %
Os kommune:	39,0 %
Samnanger kommune:	18,0%

Fordelinga skal gjelde for godkjend budsjett, og overføring til Fusa kommune skal vere forskotsvis kvart halvår. Mindre overskot i høve til budsjett blir avsett til eige fond, større overskot skal takast opp til handsaming som eiga sak. Negativt, uforutsett avvik skal fordelast prosentvis etter ovanfor nemnde fordelingsnøkkel.

Dersom ein kommune har aktivitetar som krev mykje oppfølging frå landbrukskontoret eit år, kan ein etterskotsvis justere prosentane for det aktuelle året. Administrasjonssjef/rådmann i samarbeidskommunane får fullmakt til å føreta slik justering.
- 9) Deltakarkommunane har rett til å få utført tenester som nemnt i punkt 2 og plikt til å dekke kostnader fordelt etter punkt 8.
- 10) Avtalen gjeld til han vert sagt opp. Frist for oppseiing av avtalen er eit år. Oppseiinga må vere skriftleg med verknad frå 01.01.
- 11) Utviding av interkommunalt landbrukskontor skal godkjennast av alle partane.



Hans Vindenes
Ordførar i Fusa



Terje Sevilnes
Ordførar i Os



Marit Aase
Ordførar i Samnanger